

Referat Justvik FAU 24.10.24

Tilstades:

1. trinn: Ingen
2. trinn: Vibeke F. Wevle
3. trinn: Camilla Heien
4. trinn: Ann Kristin Gram (referent)
5. trinn: Tone Sagen
6. trinn: Renate T. Hansen og Stine Marie Lømsland
7. trinn: Cecilie Topstad

FAU-leiar: Elizabeth Christensen (møteleiar)

Rektor Leif Anders Haanes i delar av møtet

Sak 1: Informasjon frå rektor

Rektor informerer kort om aktivitetar for dei ulike trinna den siste tida. M.a. fellessamling i regi av 4. trinn i dag som var veldig fin.

Planleggingsdag 18.10.24 brukt til tema «Skaperglede» som alle trinn skal ha før jul i år. Fin dag for dei tilsette og mange gode planar for barna framover.

Åpning av ny gang- og sykkelsti i morgen, fredag 25.10.24. Justvik skole deltek stort med m.a. sykkelløp mellom kommunen og elevar frå Justvik.

Det blir fokus på refleks frå skulen si side 2 veker etter at ein stiller klokka. Rektor tenker at slik reflekskonkurransen har vore på Justvik skole tidlegare har ein brukt for mykje tid til registrering o.l. Det er foreldre som har hovudansvar for at barna brukar refleks. Skulen ynskjer å støtta dette men ynskjer ikkje å brukha like mykje tid som tidlegare.

Det er tilsett ein ny fagarbeidar i 100% stilling. Rektor er glad for dette og trur det blir veldig fint.

Ønske frå rektor om at ein får til eit felles møtepunkt for foreldre og lærarar på tvers av trinn, t.d. ved innleige av foredragsholdar. Kunne tenka seg at ein hadde som tema knytt til sosialt arbeid og korleis ein snakkar om kvarandre, om andre sine barn, andre foreldre o.s.v. når ting er utfordrande. Veldig gjerne i ei form der det ikkje kun er foredrag, men også rom for refleksjon i t.d. mindre grupper i etterkant. Dette er alltid eit aktuelt tema, som rektor ynskjer at ein har fokus på. Dersom dette er aktuelt er det ynskjeleg at ein finn tidspunkt snarleg.

Det er snart tid for utviklingssamtalar. Ein har frå tidlegare sett at ein har gjort dette ulikt på ulike trinn/ulike lærarar. Rektor har prøvd å samordna dette noko, og alle elevar vil i år få med seg same skjema heim i forkant av samtalane. Dette er ikkje meint som eit skjema som alle skal fylla ut, men meir som ei støtte og hjelpe til samtale mellom elev og føresette i forkant av utviklingssamtalen.

Vidare beskriv rektor at han har sagt nei til foreldredeltakelse på fellessamlingar. Dette kan nok opplevast som avvisande av foreldre, men handlar om taushetsplikt overfor resten av elevgruppa. Han beskriv at det evt. er ein mogleik at ein lagar klassevise samlingar der elevane får vist fram det dei har jobba med til fellessamling.

Elles beskriv rektor at det er god driv på skulen, og god stemning. Lite sjukefråvær blant dei tilsette, som tolkast som eit uttrykk for at arbeidsmiljøet er godt. Det er stramme økonomiske rammer, men rektor opplever at ein får til mykje bra innanfor dei rammene som er.

Sak 2: Den nye skulebehovsplanen

FAU ved Justvik skole er blitt bedne om å komma med ein høyringsuttalelse knytt til den nye skulebehovsplanen som er til høyring no. Justvik skole blir ikkje berørt av denne, men det er fleire andre skular i Kristiansand kommune som står i fare for å bli slått saman. Høyringssvaret bør vera ein refleksjon over korleis ein tenker at skulen er viktig for nærmiljøet i bydelen. Frist for svar i morgen, fredag 25.10.24.

FAU lagar ein slik uttalelse og sender den i møtet.

Sak 3: Statusrunde Hobbykveld, 17.mai, Justvikdagen

Hobbykveld: Komite er sett og planlegging er i gong. Dato sett til 28.11.24.

17.mai: Også her er ein i gong, ein har begynt loddsgalg -litt usikkert om ein har fått inn nok enno. Mange i FAU som ikkje har fått forespørsel om loddkjøp enno, tenker dermed at det kan vera ein del som ynskjer å kjøpa lodd.

Justvikdagen: Både 6.trinn og 4.trinn har folk til komité, ikkje kome i gong med planlegging så vidt ein veit. Justvikdagen er vanlegvis i juni, så god tid framleis. Likevel ynskjeleg at ein set dato snarleg.

Sak 4: Årshjulet

Det har kome innspel om at ein bør kikka på årshjulet og evt. gjera endringar, f.eks. bytta ut hobbykveld med Halloween. Uenighet i FAU rundt dette. Hobbykveld er ei inntektskjelde for FAU, i fjar inntekter på rundt 4000kr. I tillegg er hobbykvelden ein lang tradisjon ved Justvik skole og noko mange barn gler seg til og syns er hyggelig. Når det gjeld Halloween, så er det på fleire trinn slik at ein har valgt å ikkje legga dette inn som ein fellesaktivitet. Ein ser at dette kanskje aller mest er ei utfordring for dei eldste trinna, viktig å sikra at alle har nokon å vera saman med denne dagen. Ein landar på at ein held på hobbykveld som fast punkt i årshjulet, men at halloween kan tas inn som eit alternativ til haustaktivitet som er oppført i årshjulet.

Det viktige med årshjulet er at det er normerande for kor mange kvart trinn treng å stilla med med tanke på ulike komitear, til kafé o.s.v. Øvrige punkt er forslag og anbefalingar til aktivitetar som trinnet sjølv kan bestemma om dei vil nyitta seg av eller ikkje. Det finns ei liste med beskrivelse av dei ulike punkta og kva det er tenkt at dei inneber, som foreldrekontaktane har tilgong til og som fritt kan brukast.

Sak 5: Barnas digitale hverdag

Det viste seg på forrige FAU-møte at tilsette ikkje hadde motteke sjølve rapporten etter spørreundersøkinga, kun plakaten som var laga med bakgrunn i denne. Dei fekk difor denne tilsendt etter forrige møte. Dei har kome med tilbakemeldingar om at dei likar innhaldet i rapporten og at dei kan tenka seg å ta rapporten/plakaten i bruk, men at dei tenker at det må gjerast enkelte endringar i teksten for at dei skal kunna stilla seg bak innhaldet. Dette går aller mest på ordlyden ein har lagt seg på, og at denne framstår som for formyndersk og formanande. Ynskjeleg at ein ser på teksten og gjer den meir om til anbefalingar («ynskjer at», «bør» o.s.v heller enn «skal» og «må»). FAU vil sjå på dette i neste møte.

Neste FAU-møte sett til torsdag